



Bjørn Rune Kvinge
KVIINGEBAKKEVEGEN 97
5981 MASFJORDNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/672 - 21/6790

Saksbehandlar:
Roald Kvingedal
roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:
25.08.2021

Godkjenning av Teknisk plan Liarinden

Vi syner til teknisk plan motteke den 17.08.21
Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

Administrativt vedtak. Saknr: 092/2021

Masfjorden kommune viser til teknisk plan for Liarinden, mottatt den 17.08.2021, og godkjenner planen på fylgjande vilkår:

- Planen gjeld frå: LBOB INVEST AS LIARINDEN BUSTADFELT - TEKNISK PLAN 16.08.2021.
- 11.2. Før det kan gjevast bruksløyve for det første huset i feltet skal felles gangveg til sjø AVG -01 opparbeidast som køyreveg for brannberedskap. Vegen er ikkje endeleg prosjektert. Slik vegen er plassert i plankartet vil stigning verta brattare enn 12,5%.
- Det er ynskjeleg frå kommunen at dagtank vet plassert slik at det vert sjølvfall frå dagtank til bustadhusa.
- Komplette FDV- dokumentasjon for drift av kommunale anlegg skal leverast kommunen samtidig med ferdigmelding av anlegget.
- Det skal holdes overtakelsesforretning før Masfjorden kommune overtar anlegga.

Grunngjeving: Søkna den er i tråd med LIARINDEN BUSTADFELT - PLANID: 4634-20120002

Heimel:
Reguleringsplan Liarinden, LIARINDEN BUSTADFELT - PLANID: 4634-20120002
Utbyggingsavtale mottatt 15.07.2021, ikkje signert.

Plan – og bygningslova § 18-1.
Forskrift om anlegg av offentlig veg
VA- norm

Klagerett:

Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29)

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn

Saka gjeld godkjenning av teknisk plan for LIARINDEN BUSTADFELT - PLANID: 4634-20120002.

J.f utbyggingsavtalen skal det utarbeidast ein teknisk plan for området, den skal godkjennast av kommunen før oppstart.

Før tiltak i terreng kan starte opp skal teknisk plan frå utbyggjar godkjennast skriftleg av kommunen.

2. Fakta

I Liarinden bustadfelt skal teknisk plan godkjennast skriftleg av kommunen før tiltak startar opp.

Utbyggingsområdet/ geografisk avgrensing

Avtalen omfattar følgjande område: Reguleringsplan "Liarinden bustadområde"

ID: 1266–20120002. (I hovudsak gnr. 37, bnr. 87 i Masfjorden kommune). Dersom det blir behov for å erverve eller disponere areal utanfor planområdet må dette avtalast særskilt.

2.1 Utarbeiding av teknisk plan

Det skal utarbeidast ei komplett teknisk løysing for planområdet - som dokumenterer praktisk gjennomføring av alle anlegg: veg, fellesparkering, leikeplassar, vatn, avløp, veglys, straum, nettkabel, og stikkrenner. Avløp for overflatevatn ved inn/avkjørsel frå FV570 er utbygger sitt ansvar. Eigendommen er i reguleringsplanen ikkje pålagt overflatevatn tiltak. Kvalitet og kapasitet på dei ulike anlegga skal beskrivast og dokumenterast i planen. Teknisk plan skal godkjennast skriftleg av kommunen før tiltak startar opp.

Teknisk plan for utbygging av Liarinden er mottatt av Masfjorden kommune den 17.08.2021. Planen ligg fylgjande vedlegg:

Oversikt teknisk plan med vedlegg:

- Reguleringsplankart med avgrensing av utbyggingsområdet
- Situasjonsplan tekniske anlegg er vedlegg til denne planen
- Overtakingskart som syner (med tydelege grenser og farger)okvaarealkommunen overtekkva areal som vert fellesareal for alle tomteeigarar i feltetokva areal kvar tomteeigar eig privat
- Rammeplan for VA i prosjektet oVA-anlegg vert prosjektertetter behov og ved overlevering til kommunen skal det føreligga ein komplett detaljert plan

- Handtering overvann er Masfjorden kommune sitt ansvar.

3. Vurdering

Masfjorden kommune har vurdert teknisk plan og har fylgjande merknadar, at det skal være tilkomst før brannberedskap før det vert gjeve ferdigattest frå hus nr 1. Dette er lagt inn som vilkår i godkjenninga.

11.2. Før det kan gjevast bruksløyve for det første huset i feltet skal felles gangveg til sjø AVG -01 opparbeidast som køyreveg for brannberedskap. Vegen er ikkje endeleg prosjektert. Slik vegen er plassert i plankartet vil stigning verta brattare enn 12,5%.

Det viser ikkje i planen kva høgde dagtanken vert plassert på det er ynskjeleg frå kommunen at dagtank vert plassert slik at det vert sjølvfall frå dagtank til bustadhusa. Endeleg høgdeplassing kan takast undervegs i utførelsen av planen, skal takast opp på byggemøter.

Masfjorden kommune skal delta i byggemøter.

4. Konklusjon

Masfjorden kommune viser til teknisk plan for Liarinden, mottatt den 17.08.2021, og godkjenner planen slik den er mottatt ved vilkår.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Sveinung Toft
Assisterande rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

Teknisk plan
Utbyggingsavtale-forslag liarinden 18.02.2021

Mottakarar:
Bjørn Rune Kvinge

KVINGEBAKKEVEG 5981
EN 97

MASFJORDNES